



Vaksdal kommune
Konsul Jepsensgata 16
5722 DALEKVAM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/56 - 17/467

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
24.02.2017

Høyringsutale - endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune

Viser til endringsforskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommune med høyringsfrist 26.02.2017.

Modalen kommune meiner at saka er god opplyst og at det er gjort ei grundig vurdering av den effekten som endring av minstearealet vil gje. Vaksdal kommune er administrativ vertskommune for Storfjellet bestandsplanområde som omfattar alt teljande areal for hjort i Modalen kommune. Dette inneber at forskriftsendringa vil få følgjer for dei tre valda i Modalen kommune. Modalen kommune har i dag eit minsteareal på 1500 daa, men som følgje av bestandsplanområde som vart godkjent i 2016 er det Vaksdal kommune sitt teljande areal som vil verte grunnjevande for tildelingar av fellingsløyve i bestandsplanområde. I gjeldane bestandsplan for Storfjellet er det i dag lagt til grunn omkring 1000 daa pr. dyr ved tildeling av fellingsløyve. Modalen kommune meiner at endring av minstearealet i Vaksdal kommune vil få mindre konsekvensar for Modalen kommune, då fellingsløyve i dag vert løyvd etter det arealet Vaksdal kommune skal leggja seg på.

Modalen kommune vil peika på at det er viktig at justering av minsteareal og påfølgjande tildeling av løyver , vert vurdert slik at ein unngår store/brå endringar i bestanden. Det er viktig at dei kommunane med teljande areal i bestandsplanområde vert tekne med i vurderingane innafor dei respektive bestandsplanområda.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
Skog- og miljøkonsulent
Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Mottakere:
Vaksdal kommune

Konsul
Jebsensgata 16

5722

DALEKVAM